

b15g 148576

HELTEDØD TIL SALS

Skodespel i 5 akter
av
SIGBJØRN HØLMERBAKK

Til nynorsk ved: IVAR ESKELAND
Regi: RØNNAUG ALTEN
Dekor og kostyme: GUNNAR ALME
Inspisient: REIDAR JAMVOLD

Elisabeth Meland, enkje	SIRI ROM
Stein Meland, son hennar	NILS OLE OFTEBRO
Direktør Orving	HARALD HEIDE STEEN
Sølvi Orving, dotter hans	ULRIKKE GREVE
Svein Bergli, stortingsmann	JACK FJELDSTAD
Klubbformann Seljord	OTTAR WICKLUND
Hallvard	ØYVIND ØYEN
Frk. Lund	NANNA MAGELSEN
Biskop Skage	HELGE ESSMAR
Fylkesmannen	REIDAR JAMVOLD
Ein reportar frå Fjernsynet	EINAR WENES
Ein tekniskar frå Fjernsynet	BIRGER THURN PAULSEN
Ein fotograf frå Fjernsynet	BJØRN SKJEFSTAD
Gjester	

Speltid: om lag 2 timer.

Pause etter 3. akt

Foto: Kåre Nymark

Programred.: Thorstein Hoff

Trykk: Enersens Trykkeri



SIGBJØRN HØLMERBAKK:

HELTE- DØD TIL SALS

BIKUBEN — DET NORSKE TEATRET
i ABC-teatret



Med «Heltedød til sals» har Sigbjørn Hølmebakk akseptuert drag i forfatterskapen sin som tidlegare ikkje har vore så dominerande. Han drøfte nokre av dei problem vi finn att i skodespelet i romanen sin «Fimbulvinter», men frå ein annan synsstad. Den politisk engasjerte forfattar merkast òg i «Emigranten» og «Hurra for Andersen», men det er med «Heltedød til sals» vi møter den direkte politiske Sigbjørn Hølmebakk. Han seier det sjølv slik: — Vi har valet mellom å verte likeglade eller politisk engasjerte, av di mange og vesentlege ting for menneska byggjer på ei politisk avgjerd. Dette skodespelet er frå mi side eit direkte innlegg i den samfunnsdebatten vi har i dag. Dei ideane Stein og seinare Sølvi representerer — handling i staden for demonstrasjon — var heller lite kjende for nokre år sidan. Dei unge i 50-åra var europeisk interesserte, i 60-åra er dei unge globalt interesserte.

Vald er i dag meir enn krigshandling. Å inkje gjera noko, det er òg vald. Nett medan dette skodespelet blir framført, sit delegerte ekspertar frå mange land ein stad i India for å drøfte korleis i-landa skal hjelpe utviklingslanda. På dei to månadene desse drøftingane går føre seg, dør over 3 mill. menneske kring i verda — av svolt. Status quo er òg vald. —

Såleis er «Heltedød til sals» eit spel om dei moralske og psykologiske mekanismar som døljer seg bak døgnets avisoverskrifter, eit spel om makt og vanmakt, ettergivnad og opportunisme, eit oppgjer med den prosess som holar ut det verkelege innhald i omgrepet radikalisme — som gjer det til moteord, til klisjé. **th.**

SIGBJØRN HØLMERAKK er fødd 1922 i Feda ved Flekkefjord. Han debuterte 1950 med novellesamlinga «Ikke snakk om høsten». I 1954 kom romanen «Det hvite fjellet» og to år seinare ein ny roman: «Menneskefiskeren». Romanen hans frå 1959, «Emigranten», er omsett til dansk, tysk, jugoslavisk og tsjekkisk. Boka er òg å få i Sør-Afrika — som pirat-utgåve. Same året gav han dessutan ut barneboka «Salve Sauegjeter».

I 1964 vann Sigbjørn Hølmebakk 1.-prisen i Norsk Films konkurranse om beste filmmanus, «Fimbulvinter». Det er òg gjeve ut som roman og er omsett til tysk, russisk og tsjekkisk. Filmarbeidet med «Fimbulvinter» skal ta til i år.

Den siste boka frå Hølmebakks hand var ein samfunnsatirisk roman, som vart filma, «Hurra for Andersen» (1966).

Som omsetjar har han arbeidd fram fleire hørespel og skodespel for Radio- og Fjernsynsteatret. Han har òg skrive skodespel for radio og TV: «Blad fra en stor mans dagbok» er sendt i Radioteatret både i Norge og Danmark, mens «Det siste kvarter» etter Radioteatrets sending vart kjøpt og sendt av finsk radio. Ei omarbeidd utgåve av «Det siste kvarter» har vore synt i Fjernsynsteatret.

Sigbjørn Hølmebakk er sterkt politisk engasjert. Han var ein av dei tre som skipa Sosialistisk Folkeparti, der han ei årrekkje sat som medlem av sentralstyret. Han er no SF's representant i Oslo kommunes kulturutval og er nett vald inn i styret for vekeavisa «Orientering».

